

Forskrift om skule- og feriedagar i 2025-2026 i Øystre Slidre kommune

Heimel: fastsett av kommunestyret i Øystre Slidre kommune xx.xx.2025 med heimel i opplæringslova sin § 14-1 (2).

§ 1 Føremål

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2025-2026. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsatte skuledagane.

§ 2 Virkeområde

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Øystre Slidre kommune skuleåret 2025-2026. Grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova kap. 18 er ikkje omfatta.

§ 3 Skule- og feriedagar skuleåret 2025 – 2026

Det er praksis at Øystre Slidre kommune følgjer felles skulerute for Innlandet.

Dato	Merknad/ferie/fri	Skuledagar
August	Skulestart 18.aug.	10
September		22
Oktober	Haustferie veke 41 (06. - 10. okt.)	18
November	Elevfri 28.november	19
Desember	Juleferie frå og med 22.des	15
Januar	Skulestart 5.januar	20
Februar	Vinterferie veke 9 (23. - 27. feb.)	15
Mars	Påskeferie frå og med 30.mars	20
April	Påskeferie til og med 6. april	18
Mai	Skulefri 1., 14., og 25.mai	18
Juni	Siste skuledag 19.juni	15
	Skuledagar i skuleåret 25/26	190

§ 4 Lokale variasjonar

Skulane skal følgje den lokale forskrifta for skule- og feriedagar. Det er ikkje høve for den einskilde skule å gjere lokale tilpassingar frå § 3.

§ 5 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 1. august 2025, med opphøyr 31.juli 2026.